

## Dale IL handball, årsmelding 2012 - J10 (og J9)

Trenar: Marita Solheim.

Oppmann J10: Karina Helle.

Treningstider: Tirsdag 17-00-18.30 og torsdag 15.30-16.45.

Deltakarar: 9 spelarar for J10 alle fødde i 2002, og ca.15 for J9.

Ailin	Solheim Solvik
Hedda	Helle
Ida Helen	Hovlandsdal
Vilde	Haugsbakk
Marie	Felde
Ida Sofie	Hauge
Milla	Eriksen
Synnøve	Valvik
Sigurbjörg	Thorsteinsdottir

Vi har hatt felles treningstid med J11/12, og har stort sett delt hallen, der J9/10 har disponert 2/3 av hallen sidan vi har så mange spelarar. Med opp mot 25 ungar på så liten plass, er det vanskeleg å organisere aktiviteten godt nok m.h.t. både å unngå kødanning og plass til varierte aktivitetar. Om J9 og J10 skal ha felles treningstid også neste sesong, så må vi ha heile bana tilgjengeleg. Då kan ein heller klare seg med kortare treningstid, 1 time eller 1 time og 15 minutt t.d. Det må også vere eit klart mål å rekruttere to trenarar for så store grupper. Både for å få betre kapasitet til å følgje opp alle spelarane på treninga, og for å kunne dele ansvaret for treningane ved sjukdom og anna fråvær. Trude Boge har vore svært velvillig og stilt opp som vikar når trenar ikkje har kunne møte, så det har redda kabalen denne sesongen. Vi har delt draktsett med J11 og miniputtane store delar av sesongen, men no har vi fått eige draktsett til J10.

J10 har spelt 14 kampar denne sesongen, og har både vunne og tapt kampar, begge deler med ei fin sportsånd! ☺ Spelarane har hatt ei fin utvikling, og lagånden er god. J9 speler minihandballturneringar, og har delteke på 2 turneringar hittil i sesongen, og har ei turnering att i mars. Mange ivrige og flinke handballspelarar!

Dale, 11.02.13

Marita Solheim

Trenar

Karina Helle

Oppmann J10